



HAREID KOMMUNE

Foto: Erlend Friestad



KVARTALSRAPPORT FOR HAREID KOMMUNE

3. kvartal 2021

INNHOLD

1 Kommunedirektøren si innleiing	side 4
1.1 Litt om sektorane	side 4
1.2 Sjukefråværet	side 5
1.3 Økonomi	side 6
2 ØKONOMI	side 7
2.1 Drift	side 7
2.1.1 Rekneskap	side 8
2.1.2 Rekneskap per område	side 8
2.1.3 Rekneskap fordelt per avdeling	side 8
2.2 Investering	side 9
2.2.1 Rekneskap til fordeling	side 9
2.3 Stab- og kommunalsjefane sine kommentarar	side 12
2.3.1 Sentraladministrasjonen	side 12
2.3.2 Læring og kultur	side 12
2.3.3 Velferd	side 13
2.3.4 Samfunnsutvikling	side 14
2.3.5 Finansområdet	side 15
2.4 Økonomileiar sin kommentar	side 16
3 Nærvær	side 17
3.1 Statistikk med kommentarar	side 17
3.1.2 Historiske tal	side 17
3.1.3 Generelt om sjukefråværet	side 17
3.2 Kommentarar frå sektorane	side 18
3.2.1 Sentraladministrasjonen	side 18

3.2.2 Sektor for læring og kultur	side 18
3.2.3 Sektor for samfunnsutvikling	side 18
3.2.4 Sektor for velferd	side 18
4. sektordel	side 20
4.1 Sentraladministrasjonen	side 20
4.2 Sektor for velferd	side 20
4.2.1 Vedtaksrapport	side 20
4.2.2 Tenesterapport	side 20
4.2.3 Avvik	side 23
4.2.4 Prosjektrapportering	side 26
4.3 Sektor for Samfunnsutvikling	side 27
4.3.1 Vedtaksrapport	side 27
4.3.2 Tenesterapport	side 27
4.3.3 Avvik	side 31
4.3.4 Prosjektrapportering	side 31
4.4 Sektor for læring og kultur	side 32
4.4.1 Vedtaksrapport	side 32
4.4.2 Tenesterapport	side 32
4.4.3 Avvik	side 34

1 KOMMUNE-DIREKTØREN SI INNLEIING

1.1 Litt om sektorane

Sektor for læring og kultur arbeider aktivt med kompetanseheving og ekstra spennande er det at dei er 1 av 13 kommunar i Norge som skal vere med på forme stortingsmelding 6 om korleis ordinær- og spesialundervisning skal utøvast i åra framover. Det vil derfor bli gjort følgjeforsking på arbeidet i Hareid framover. Hareid har over lengre tid hatt forholdsvis store utgifter på tiltak innanfor lov om barnevern. Tverrfagleg styrking tidleg, og tett på barnet, er difor svært viktig. Utviklingsarbeidet vil skje i eit samarbeid mellom læring og kultur, velferd og PPT, finansiert med prosjektmidlar som følgjer piloten.

Rektorane og styrarane fortel om ein stor auke i barn med særskilte behov som ein må sette inn ekstra bemanning på.

Langtidsfråvær i kommunalsjefstillinga har gitt forskyving i ansvarsområde i sektoren. Det er stor evne og vilje i leiargruppa til å ivareta alle fagområde på ein best mulig måte i denne tida. Lenga på sjukefråveret vil avgjere behov for vidare tiltak.

Velferdssektoren har også fokus på utviklings- og kvalitetsforbedring, no særskilt på førebygging og tverrfagleg samarbeid. Det er flott at vi endelig ser slutten på arbeidet med nytt pasientsignalanlegg på sjukeheimen, noko som er viktig for bruk av velferdsteknologi. Det er svært positivt at vi har kome så langt at vi har fått ein ny helse- og omsorgsplan ut på høyring.

Sektoren rapporterer om rekrutteringsproblem på lege og sjukpleiar. Dette skyldast både sjukefråvær og generell manglende tilgang på faggruppene. Trass i at sektoren jobbar aktivt med å betre dette gjennom tiltak som ressurslag og sjukefråværsoppfølging, er dette ein trend som vil gi oss store utfordringar med mindre det vert gjort nasjonale grep innanfor lovverk og endringar i ansvarsfordeling mellom faggruppene.

Helse- og omsorgstenesta har auke i etterspørsel både frå eldre og yngre brukarar. Vi ser at heimetenestene har tidspress som følgje av fleire og meir ressurskrevjande brukarar, og her er krav om ROS-analyse frå arbeidstilsynet. Sjukeheimen opplever store åtferskmessige utfordringar med behov for fleire tilsette. Bu- og habiliteringstenestene ser ein stadig auke i behov for oppfølging av brukarar med ulike behov. Aukande tenestebehov rundt ressursskrevjande brukarar utfordrar moglegheita til å halde seg innan for gitte budsjettrammer, og dette vil få konsekvensar for kommunen sitt totale budsjett.

Arbeidet med å definere standard på tenestene er viktig. Elles er



det verdt å merke seg at velferdssektoren utmerker seg med å jobbe godt med oppfølging av avvik.

Sektor for samfunnsutvikling har hatt fråvær i sentrale nøkkelstillingar i store deler av året, og dette har ført til redusert kapasitet. Samstundes har saksmengda vore stor, særleg innan byggesak. Med for lite ressursar i høve saksmengda vert det lang ventetid og problem med framdrift for dei som venter på sine prosjekt . Dette gjeld både enkeltløyve og viktige plandokument. Dette er eit hinder for utviklinga som dessverre er vanskelig å løyse fordi dei aktuelle fagressursane ikkje er tilgjengelege i lokalsamfunnet for kortare engasjement. Det er også vanskelig å få kvalifisert personell til faste stillingar.

Sektoren har gjort fleire grep for å forbetre både effektivitet og kvalitet på tenestene. Ein har sett seg nøydd til å styrke kapasiteten for å få ei betre og raskare samhandling med næringslivet, og det er etablert ei eiga eining med tverrfagleg kompetanse for å få betre samhandling og framdrift i dette viktige arbeidet. Den nye eininga får namnet «Næring, kultur og busetting». Næringsutvikling, busetting, klima, miljø og berekraft er sentrale ansvarsområde. Bulyst står som eit samlebegrep over oppdraget og det var difor naturleg å flytte kulturkonsulent, biblioteksjef og folkehelsekoordinator hit. Funksjonar som reiseliv, næringsfond, startlån og skjenkeløyve vert også ein del av eininga. Prosjektleiar for Vekst i Hareid si forankring til kommuneorganisasjonen vert også lagt hit.

Sentraladministrasjonen er prega av at to sentrale stillingar er ubesette pr dags dato. Det er mange oppgåver som vert liggande fordi leiar for Servicetorget er omdisponert til leiarstillinga i velferd, og assisterande kommunedirektør ikkje er erstatta. Men mange medarbeidarar tek i eit ekstra tak for å sikre dei viktigaste oppgåvene, og så må vi arbeide vidare med korleis vi skal sikre ei god utvikling av sentrale funksjonar. Budsjettarbeidet har hatt høg prioritet dette kvartalet, og eit viktig grep for å styrke dette har vore å opprette ein funksjon for budsjettansvarleg.

1.2 Sjukefråværet

Vi har eit totalt fråvær på 7,02%. Dette er noko høgare enn same periode i fjor, men for dei to største sektorane er det ein nedgang i dette kvartalet. Sentraladministrasjonen og sektor for læring og kultur har høgt nærvær medan sektorane velferd og samfunnsutvikling har større utfordring med fråvær. Vi har etablert eit overordna IA-utval som skal ha fokus på status, utvikling, tiltak og effekt av desse. Dette består av kommunedirektøren si leiargruppe, leiar for Fellesstillitmannsutvalet, hovudverneombodet, bedriftshelsetestesta og våre kontaktar frå IA og NAV. Vi ser at Hareid kommune trass i ein auke framleis ligg under landssnittet, og at type sjukmeldingsdiagnoser fyl landssnittet.



1.3 Økonomi

Budsjettet har svært strange rammer utan slark for uforutsette hendingar. Begge dei to store sektorane har ein stor auke i utgifter til enkeltbrukarar. Vi ser god effekt av innsparingstiltak i inneverande år, men har gjennom eit grundig budsjettarbeid for neste år også fått stadfesta at det er behov for budsjettkorrigering på fleire område. Ein stor budsjetteringsfeil på integreringstilskotet vil dessverre bidra til at vi får endå større problem med å nå målet om eit budsjett i balanse. Tradisjonelt vil inntekter på tampen av året betre bildet, men for i år er store deler av inntektene prognostisert så det er venta at det vil få mindre utslag i år. Kommunen får god skatteinngang, men forventa inntekt var positivt budsjettet så vi får ikkje ekstra drahjelp her. Premieavviket er jokeren som alltid får siste ordet i det endelege oppgjaret.

Vi veit at eit meirforbruk i år vil gjøre neste års budsjett endå magrare, så vi gjer det vi kan inn mot sluttinnspurten for å få eit så godt resultat som mulig.

Ragnhild Velsvik Berge, kommunedirektør



2 ØKONOMI

2.1 Drift

Rekneskap					
Tal i 1000 kroner	Rekneskap 30.09.2021	Reguleringar	Justert budsjett 30.09.2021	Opphave- leg budsjett 30.09.2021	Rekneskap 30.09.2020
Generelle driftsinntekter					
Rammetilskot	-139 737	-6 805	-144 872	-138 066	-140 743
Inntekts- og formuesskatt	-111 569	0	-113 950	-113 950	-102 260
Eigedomsskatt	-6 290	0	-6 399	-6 399	-6 158
Andre generelle driftsinntekter	-7 005	4 207	-7 194	-11 401	-7 308
Sum generelle driftsinntekter	-264 600	-2 598	-272 415	-269 816	-256 470
Netto driftsutgifter					
Sum bevillingar til drift, netto	248 335	1 377	233 476	232 099	252 650
Avskrivningar	22 566	0	15 091	15 091	18 139
Sum netto driftsutgifter	270 901	1 377	248 567	247 190	270 789
Brutto driftsresultat	6 302	-1 222	-23 848	-22 626	14 319
Finansinntekter/Finansutgifter					
Renteinntekter	-294	0	-520	-520	-334
Utbytte	-2 953	0	-2 601	-2 601	-2 965
Gevinst og tap på finansielle omløpsmiddel	0	0	0	0	0
Renteutgifter	8 354	0	6 239	6 239	7 881
Avdrag på lån	1 348	0	14 749	14 749	1 355
Netto finansutgifter	6 455	0	17 867	17 867	5 937
Motpost avskrivningar	-22 566	-641	-14 877	-14 236	-18 139
Netto driftsresultat	-9 810	-1 863	-20 858	-18 995	2 117
Disponering eller dekning av netto driftsresultat					
Overføring til investering	0	0	0	0	0
Netto avsetninger til eller bruk av bundne driftsfond	-1 735	-343	-66	276	1 122
Netto avsetninger til eller bruk av disposisjonsfond	0	0	0	0	1 279
Dekning av tidlegare års meirforbruk	0	0	0	0	-1 279
Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat	-1 735	-343	-66	276	1 122
Framført til dekning seinare år (meirforbruk)	-11 545	-2 206	-20 924	-18 718	3 240
Kontrollsum art 980 Rekneskapsmessig meirforbruk	0	0	0	0	0



2.1.1 Rekneskap

2.1.2 Rekneskap per område

Rekneskap fordelt per område					
Tal i 1000 kroner	Rekneskap 30.09.2021	Justert budsjett 30.09.2021	Avvik	Årsbudsjett 2021	Rekneskap 30.09.2020
Frå bevillingsoversikt:					
Til fordeling drift	248 335	233 476	-14 859	232 099	252 650
Netto driftsutgifter per område					
Politisk styring og kontroll	1 667	2 038	370	2 727	1 949
Sentraladministrasjon	20 553	16 587	-3 966	22 689	18 066
Læring og kultur	110 655	111 906	1 251	151 786	113 514
Velferd	93 043	80 362	-12 681	108 888	93 806
Samfunnsutvikling	22 293	29 348	7 055	40 191	26 948
Finans	123	-6 765	-6 888	0	-1 632
Netto for alle områder	248 334	233 476	-14 858	326 281	252 651

2.1.3 Rekneskap fordelt per avdeling

Rekneskap fordelt per avdeling					
Tal i 1000 kroner	Rekneskap 30.09.2021	Justert budsjett 30.09.2021	Avvik	Årsbudsjett 2021	Rekneskap 30.09.2020
Frå bevillingsoversikt:					
Til fordeling drift	248 335	233 476	-14 859	232 099	252 650
Netto driftsutgifter per avdeling					
POLITISK STYRING OG KONTROLL	1 667	2 038	370	2 727	1 949
Politisk styring og kontroll	1 667	2 038	370	2 727	1 949
RÄDMANNSKONTOR	2 097	2 362	265	3 259	1 987
ØKONOMIAVDELING	3 245	3 073	-172	4 175	3 418
PERSONAL OG ORGANISASJON	2 682	2 456	-226	3 331	2 661
SERVICETORG OG POLITISK SEKRETARIAT	2 921	3 855	935	5 277	4 073
IKT-AVDELING	68	63	-6	68	633
NAV-KOMMUNE	9 540	4 777	-4 762	6 578	5 294
Sentraladministrasjonen	20 553	16 587	-3 966	22 689	18 066
OPPVEKSTKONTOR	21 465	21 807	342	29 333	24 531
BIGSET SKULE	6 935	7 514	579	10 322	6 778
HAREID SKULE	20 186	18 399	-1 787	25 321	19 497
HJØRUNGAVÅG SKULE	6 731	6 550	-181	8 968	6 712
HAREID UNGDOMSKULE	17 877	18 494	618	24 870	19 496
HAREID MUSIKK OG KULTURSKULE	2 215	1 338	-877	1 935	1 684
RESSURSSENTERET	3 926	6 292	2 366	7 732	5 303
BIGSET BARNEHAGE	6 463	6 817	355	9 625	6 877



HAREID BARNEHAGE	2 909	2 842	-67	3 996	3 203
SYVERPLASSEN BARNEHAGE	6 524	6 919	395	9 650	6 025
BARNEVERNTENESTE	12 114	11 813	-301	15 750	10 824
KULTURKONTOR	699	396	-303	600	975
BIBLIOTEK	1 797	1 911	113	2 592	1 067
KULTURTILTAK	815	814	-1	1 092	542
Læring og kultur	110 655	111 906	1 250	151 786	113 514
HELSE OG KOORDINERANDE EINING	19 962	16 870	-3 093	22 510	17 347
VELFERDSKONTOR	5 618	5 803	185	6 698	4 214
BUEINING	6 914	7 127	213	9 875	8 058
SKJERMA EINING	8 328	6 954	-1 374	9 642	9 266
KORTTIDSEINING	10 957	9 223	-1 733	12 748	10 336
KJØKEN	2 821	2 709	-112	3 726	3 155
HEIMETENESTE EINING 1	12 440	11 622	-818	15 990	12 519
HEIMETENESTE EINING 2	5 397	3 436	-1 961	4 749	5 252
BU- OG HABILITERING	20 605	16 617	-3 987	22 950	23 659
Velferd	93 043	80 362	-12 681	108 888	93 806
NÆRINGSTILTAK	4 011	227	-3 784	334	-1 179
PLAN, BYGGESAK OG GEODATA	2 153	2 772	620	3 813	2 412
BRANN OG FEIING	3 749	6 314	2 565	6 294	3 685
TRUSSAMFUNN	3 320	3 194	-125	3 642	3 002
SAMFUNN	2 071	3 091	1 019	4 788	2 667
KOMMUNALTEKNIKK	4 884	5 896	1 012	7 735	3 651
SJØLVKOST	-5 199	-1 505	3 694	131	-3 504
KOMMUNAL EIGEDOM	7 304	9 359	2 055	13 454	16 215
Samfunnsutvikling	22 293	29 348	7 055	40 191	26 949
FINANS	123	-6 765	-6 888	0	-1 633
Netto for alle avdelinger	248 335	233 476	-14 859	326 282	252 651

2.2 Investering

2.2.1 Rekneskap til fordeling

Rekneskap til fordeling					
Tal i 1000 kroner	Rekneskap 30.09.2021	Justeringar 2021	Justert budsjett 30.09.2021	Ophaveleg budsjett 2021	Rekneskap 30.09. 2020
Frå bevillingsoversikt:					
Investeringar til fordeling (netto)	91 642	-34 000	188 800	222 800	127 798
Fordeling på prosjekt					
Valavlukke og urner (2021)	140	0	0	0	0
Teodolittkikkert	0	0	250	250	0
Digitalisering av GBNR-arkiv	707	0	0	0	58
Ymse grunnkjøp	75	0	0	0	317
Tomtesalg	109	0	0	0	0



Holstadfeltet - grunnkjøp	0	-6 000	1 000	7 000	1 509
Nytt helsecenter	142	0	0	0	0
Sjukeheimen - velferdsteknologi	228	0	0	0	43
Hadartun - Signalanlegg	6 093	0	0	0	0
Diverse inventar Hadartun	0	0	1 000	1 000	0
Tryggleiksalarmer / analoglinje	0	0	0	0	25
Bibliotek, diverse løysingar	662	0	700	700	0
Flyfotografering	0	0	0	0	130
GPS landmålingsutstyr	293	0	0	0	0
Utbygging og utstyr til brannstasjonen	763	0	6 000	6 000	9
Avløp Sentrum	1	0	0	0	1 436
Avløp til Nesset	0	-1 750	750	2 500	0
Fiber for alle	0	0	0	0	6
Fiberutbygging Almestrand, Ulset, Kvammen og Hjørungneset	0	0	4 000	4 000	3
Vatn til Nesset	0	-1 750	750	2 500	0
Avløp Røyset - 1. byggetrinn	0	0	0	0	1 200
Vassforsyning Røyset 1. byggesteg	0	0	0	0	67
Rundkøring Holstad - innleiane (6514-2008)	479	0	1 000	1 000	22
Avløp Kyrkjegata og Jets	77	0	3 250	3 250	926
Redskapsberar	0	0	0	0	875
Miljøprosjekt Kjøpmannsgata Bedehuset - Parken	38	500	600	100	869
Vatn - Nytt inntak Hammarstøylvatnet	0	0	0	0	2 868
Godsterminalen, opprusting kai	1 944	0	10 000	10 000	168
Øvstevegen i Brandal	0	0	0	0	63
Almetunnelen	22	0	0	0	123
Veg - Ombygging av vegryss ved helsehuset	1 774	0	8 000	8 000	1 397
Veg - Parkeringsplass bak Kjøpmannsgata	0	0	0	0	561
Gangveg / plastring indre hamn	1 284	0	0	0	0
Søre moloarm Brandal hamn	100	100	100	0	0
Avløp - Renseanlegg Raffelneset	14	-9 000	1 000	10 000	241
Lyspakke veg, utskifting til LED i gatelys	71	0	500	500	0
Toalett ved Nessetelva	0	0	1 200	1 200	0
Effektiviseringstiltak og bossbøtter	0	0	0	0	139
Fotballhall	0	0	0	0	19 867
Gartnarbil 2020	0	0	0	0	814
Tusenårspllassen - utvikling av rekreasjonsområde	453	0	3 000	3 000	103
Anløp - Bytte lyktestolper moloer	0	800	2 000	1 200	0
Båt og Brygge	0	0	0	0	716
Kai Tusenårsplassen	222	1 000	2 000	1 000	0
Flytebrygge Alme	0	-400	0	400	0
Vatn - Kyrkjegata og Jets (inkl. fotballhall)	16	0	3 250	3 250	1 124
Vatn - sentrumsnettverk	18	0	0	0	1 137
Vatn - legge om leidning frå vassbehandlingsanlegget	0	0	1 000	1 000	0
Vatn - Omlegging av vassledningar ved Helsehuset	113	0	3 750	3 750	143
Vatn - Bytte PLS vassbehandlingsanlegg	80	0	1 000	1 000	0
Vatn - Nødvatn - tankar	20	-300	300	600	0
Vatn - Pumpestasjon sentrum	0	0	4 000	4 000	0
Innkjøp av ny vaktbil	733	800	800	0	0
Utkjøp av UN37504 Ford Transit Connect	0	0	0	0	120
Bruk prosjektnr 65956 Sidegreiner VA-prosjekt	79	0	0	0	0
Avløp - Avskjæringsgrøft Ytre Hareid	68	0	2 500	2 500	56



Avløp - Omlegging ved Helsehuset	377	0	5 000	5 000	155
Sikring av Gjerdeelva egenandel til NVE	757	300	1 300	1 000	0
Avløp - Sjøledninger Raffelneset	43	0	7 000	7 000	162
Avløp - separere fellesledning Hareidselva	0	0	1 500	1 500	51
Avløp - Ovrasanden	2	-4 000	1 000	5 000	121
Avløp - Bakkeveien	75	500	1 000	500	0
Bustdfeltet Plassane	3 100	8 000	8 000	0	0
Holstadfeltet - bygging kanal	17	-8 800	200	9 000	7
Pålhaugen - bustadområde infrastruktur	8	0	4 000	4 000	111
Pålhaugen - omsorgsbustader / avlasting	566	-17 000	1 750	18 750	0
Utbyggingsområde Sidegreiner Røyset	6 625	0	4 000	4 000	116
KL-marka prosjektering og utbygging VA	187	0	3 000	3 000	0
Fornying vassleidningsnett	0	0	600	600	6
Fornying kloakknett	86	0	1 200	1 200	118
Luftvegspoliklinikk (brakkemodular) koronatiltak	0	0	0	0	21
Renovering leilighet Rasmusmarka 8	74	0	0	0	0
Bustad Reina 9 gnr. 44. bnr 4	2 151	2 151	2 151	0	0
Utgreiling og førebuing av innovasjonssenter, omsorgsb. ny barnehage m.v.	0	0	1 000	1 000	0
Lys sjukeheim, branntiltak	0	0	1 000	1 000	0
Tuftepark	86	0	0	0	0
Helsehus - nytt bygg	52 704	19 000	53 000	34 000	84 332
Hareid barnehage - brannalarmanlegg og lederrømningslys	0	0	0	0	257
Syverlassen barnehage - brannalarmanlegg og lederrømningslys	0	0	0	0	119
Helsehuset - inventar til psykolog, barnevern m.m.	667	0	2 500	2 500	0
Møblering bibliotek	1 371	0	1 500	1 500	0
Parkering på tak Coop - midlar ovf til Helsehus	0	-4 000	0	4 000	0
Tomt Helsehuset - midlar ovf til Helsehus	0	-11 000	0	11 000	0
Disp. midlar for uforutsette og akutte behov samt avslutning av vedtekne prosjekt	980	849	5 849	5 000	0
Hareidhallen - Vaskerobot	0	0	0	0	486
Hareidhalen - vassboren varme	455	0	0	0	0
Trapp, heis og uteområde ved Helsehuset - midlar ovf til Helsehus	0	-4 000	0	4 000	0
Hjørungavåg skule, skulekjøken, led-lys, røykdeteksjon og himling	185	0	4 000	4 000	0
Hareid rådhus - rehabilitering inklusive oppsjon på taket	2 743	0	6 250	6 250	546
Vedlikeholdspakke jf. vedlikeholdsplan	812	0	4 300	4 300	0
Bigset barnehage - brannalarmanlegg og lederrømningslys	0	0	0	0	192
Hareid ungdomsskule - Støydemping og himling	0	0	0	0	767
Hjørungavåg skule - drenering	0	0	0	0	1 131
Hareid kirke - varmeanlegg, golv og sprinkleranlegg	29	0	0	0	930
Hareid Kirke - Inngangsparti med universell utforming	5	0	0	0	17
Ombygging kyrkjelydhuset	721	0	4 000	4 000	72
Egenkapitaltilskot	0	0	0	0	947
Sum fordelt	91 642	-34 000	188 800	222 800	127 798



2.3 Stab- og kommunalsjefane sine kommentarar

2.3.1 Sentraladministrasjonen

Politisk styring og kontroll:

Det ser ut som eininga totalt sett vil gå som budsjettet når året er omme.

Sentraladministrasjonen:

Nav kommune syner overforbruk, men det skuldast uteståande refusjonar til samarbeidskommunane. Eininger melder om eit litt meirforbruk for økonomisk sosialstønad for Hareid kommune. Det er forventa at eininga vil gå omlag som budsjettet i 2021.

Økonomi og Personal og organisasjon kan ha eit meirforbruk når året er omme. Det ser ut som meirforbruket her vert kompensert med mindreforbruk på andre ansvar. Det vert redusert kostnadar alle stader ein kan for å spare.

Per 3. kvartal ser det ut som sentraladministrasjonen totalt kan ende året med eit lite mindreforbruk. Dette skuldast i hovudsak va- kant stilling for assisterande kommunedirektør på slutten av året, og at einingsleiar er konstituert kommunalsjef for Velferd og løna der.

2.3.2 Læring og kultur

Sektoren har eit meirforbruk denne perioden. Dette skuldast blant anna at pålagde kutt i sektoren 2021 ligg på konto ekstrahjelp og slik gir eit svært negativt tal på det samla lønsbudsjettet på enkelte eininger. Eininger rapporterer godt og detaljert. Eininger som har meirforbruk har kontroll på det som er av meirforbruk. Det vil bli dekt inn gjennom refusjonar, kontoar som må sjåast i samanheng med kvarandre og brukarbetaling.

Hjørungavåg skule rapporterer eit overforbruk på lønn ved årsslutt, men vil klare ta inn dette i form av refusjonar (foreldre/sjukeløn).

Hareid skule rapporterer om eit meirforbruk på lønn på funksjon 254 der refusjonen er noko usikker. Refusjonskrav vert sendt på slutten av året (november/desember) så når desse kjem inn vil det mest truleg bli balanse. Det same gjeld refusjon på lærarar under vidareutdanning.

Det er også knytt eit meirforbruk på drift som er knytt til nyanskaf-fingar etter brannen og vil bli refundert frå KLP. Der er eit lite meirforbruk knytt til oppgradering/vedlikehald IKT-utstyr. Denne kostnaden er vanskeleg å unngå då det er arbeidsreiskapen til både lærarar og elevar. Det vil truleg jamne seg ut med tanke på mindre kostnadar på læreverk.

Hjørungavåg skule: Overforbruk på grunn av innsparingar 2021 er



lagt på konto for ekstrahjelp. Resten av overforbruket veg opp mot meirinntekt refusjon sjukelønn/fødselspengar (er ikkje budsjettert med det). Inntektsnivået er høgare enn budsjett.

Hareid ungdomsskule: Refusjonar i høve sjukefråvær og foreldrepermisjon er høgare enn venta og gjer slik at eininga går i balanse. Korleis det vert ved årsslutt er noko uvisst. Kostnader ikring elev som får opplæring i anna kommune kan vere budsjettert for lite-dermed usikkert om ein vil gå i balanse ved årsslutt.

Musikk og kulturskulen er i ferd med å fakturere elevavgifter, leige av instrument og sal av tenester, dette vil endre bildet når dette kjem inn. Avvik ved årsslutt litt usikkert med tanke på dei store utgiftene som er lagt til eininga i høve utgifter SSIKT.

Ressurssenteret vil også i år bidra positivt inn i det store bildet, med eit overskot. Noko mindre enn i fjar.

Barnehagane driv godt og to av tre har mindreforbruk

Tiltak ut året vil vere berre heilt naudsynte innkjøp, og berre heilt naudsynt vikarbruk. Sektoren har som mål å vere i balanse ved årsslutt.

2.3.3 Velferd

Einingane rapporterer om auka forbruk på grunn av koronatiltak. Dette er utgifter som er merka og som vi forventar å få refundert frå staten.

Sektoren har eit positivt avvik på fastløn i denne perioden.

Forskyving eller bruk av overtid skjer i størst grad under ferieavvikling når vi har betydeleg færre tilsette å nytte, eller fordi vi må ha rett kompetanse som sjukepleiar eller personale på helg eller natt ved sjukefråvær.

Sjukefråvær gir også eit «etterslep» på refusjon av sjukepengar som gjer at vi kjem negativt ut. Ved kvart fråvær vert det vurdert innleige av vikar og kompetanse vikaren treng å ha. Fleire einingar leigar ikkje inn vikar ved sjukefråvær.

Ressurslaga kom litt dårleg ut i starten, då der var ein del av dei tilsette der som var sjukmeld ved oppstart av prosjektet. No ser det ut til å stabilisere seg, men det vil nok ta litt meir tid før vi ser effektar av dette.

Fleire einingar må sette inn ekstra bemanning på grunn av utfordringar i eininga knytt til brukarar. BPA (brukarstyrt personleg assistanse) som er ei lovpålagt teneste og som vi kjøper av eksterne leverandør vil også gi ekstra kostnadene som vi ikkje får dekt i si heilheit. Den har auka i kostnad og omfang seinare år.

Legetenesta har eit stort underskot, og utgifter til legeteneste framover vert større med ny driftsavtale og nye lokale. Vi har ekstrautgiftar til legetenester frå eksterne firma, noko som er dyrare enn om vi hadde fast tilsett legar. Det er store utgifter knytt til vaksinearbeid utført av legeteneste (refusjon takst).

Brukariinnbetaling er lite føreseieleg då dette er knytt til den enkelte sine inntekter, erfaringstal viser at budsjettering er for høgt. Mindre trykk på institusjonsplassar per dags dato gjer også at vi får inn



mindre brukarbetaling. Det same gjeld for mellombels stenging av åtte plassar.

Vi betalar tilrettelegging for 3 tilsette som er på veg tilbake i arbeid, som det ikkje er budsjett for. Vi har søkt om mellombels tilretteleggingstilskot, 2 er innvilga.

Avviket vil på sikt rette seg noko, men der er mange usikre moment som brukarbetaling, kompensasjon korona, innslagspunkt for ressurskrevjande brukarar og teneste knytt til brukarstyrt personleg assistanse (BPA). Utfall av ny legeavtale ved årsslutt er også ukjend, og truleg vil det kome til utgifter for kommunen.

Sektoren vil ikkje klare å spare inn dei tiltenkte innsparingane slik det ser ut no, men vil gjere det ein kan for at resultatet skal verte så godt som mulig gjennom desse tiltaka:

- Berre naudsynte innkjøp og nøye vurdering av ekstra innleige
- Jobbe med å få ned sjukefråvær, samarbeid med NAV og sektoren er starta opp
- Ressurslag – ny turnus 20.09.21
- Få inn tilskot til prosjektstillingar og prosjekt
- Søk om tilskot til lønnsmidlar for tilsette som er på veg tilbake i arbeid – tilretteleggingstilskot
- Det er starta prosess med omstilling i sektoren
- Mellombels stenging av institusjonsplassar – frå juni og ut desember
- Endring i bruk av dagsenter – utprøving frå august
- Ikke lyse ut stillingane demenskoordinator, deltidsstilling konsulent og kommunepsykolog
- Kvalitetsstandard på tenester og omlegging av tildelingspraksis
- Det er så smått starta opp igjen med catering

Refusjon sjukepengar må reduserast til eit realistisk nivå på kvart ansvar i neste års budsjett Det er manglande inndekning av utgifter til brukarstyrt personleg assistent og ressurskrevjande brukarar som gjer det vanskelig for Velferd å nå sine budsjettmål.

Sektoren har jobba systematisk med omstillingstiltak og det er gledeleg at fastløn viser eit mindreforbruk i rekneskapen i høve fjaråret (forhandlingsresultat kjem i tillegg for 2021). Men her er også auka utgifter og dette er knytt særskilt til legetenesta, ressurskrevjande brukarar og tenesta brukarstyrt personleg assistanse. Så trass i effekt av innsparing er det nye auka utgifter som totalt sett gir sektoren økonomiske utfordringar.

2.3.4 Samfunnsutvikling

Samfunnsutvikling styrer mot eit resultat i balanse ved årets slutt. Det er likevel ein del usikre moment. Vintervedlikehald er ein klasikar og interne føringar som skal gjerast mellom Kommunal eigedom og finans vil svekkje biletet som denne rapporten syner.



- 1050 Plan, byggesak og geodata vurder å gå med kr. 300.000,- i mindreforbruk. I hovudsak grunna vakanse.
- 1090 Brann og Feiing har positiv resultat for denne månaden, då ein ikkje har betaling for 3. termin i brannsamarbeidet.
- 5005Næringsstiltak. Avviket vert rekneskapsteknisk balansert ved årets slutt.
- 5060 Trussamfunn ligg på budsjett
- 6501 Samfunn. Positivt avvik, men vert korrigert negativt med mellom anna lønsbelasting til rådgjevar.
- 6510 Kommunalteknikk. Har etter budsjettrevisjonen i juni ein buffer til vintervedlikehald.
- 6550 Sjølvkost. Vert balansert til fond ved årets slutt.
- 7000 Kommunal eigedom. Rekneskapsteknisk / budsjettmessig vil det ved årets slutt verte overført om lag 2,5 millionar frå eininga til finans. Det ser ut som ein vil balansere resultatet til eininga slik det no ser ut.

2.3.5 Finansområdet

Det er mange postar på finansområdet som har avvik, både positive og negative. Det kjem først og fremst av at ikkje alt er periodisert.

I samband med budsjettarbeidet for 2022 vart det oppdaga at inntektene for integreringstilskot i budsjettet for 2021 er sett om lag kr 6 millionar for høgt. Dette vil få tilsvarende negativ verknad på finansområdet for 2021-resultatet.

Skatteinntektene og inntektsutjamninga ser no ut til å vere i rute og omlag som budsjettet.

Premieavviket kan vere noko høgt budsjettet, men korleis det går veit vi ikkje før etter årsskiftet. Dei andre postane på ansvar 9050 Finans, bortsett frå integreringstilskotet, er totalt sett omlag som budsjettet.

Slik det ser ut no, så kan finansområdet kan ende 3-4 millionar svakare enn budsjettet i 2021.

Gjeldsportefølje:

Vedlagte «Finansrapport Hareid kommune» frå Bergen Capital Management gir oversikt over kommunen sine lån pr. 30.09.2021. Det var tidleg i året teke opp nytt lån på 80,0 millionar kronar, og i oktober 65 millionar kroner til, til finansiering av tiltak i investeringsrekneskapen. Det vert rekna med at det skal holde i 2021. Det var opphaveleg budsjettet med låneopptak i 2021 på i alt 194,0 millionar kroner, men dette vart redusert til 162,6 millionar i budsjettendringa i juni.

Rapporten side 3 inneholder nøkkeltal for gjeldsporteføljen med total lånegjeld, rentebindingstid, vekta gjennomsnittsrente og kapitalbinding. På dei siste sidene i rapporten er oversyn over kvart enkelt lån og vilkåra. Hareid kommune tar stor risiko ved å ha ein stor del av gjelda si på lån med korte løpetider, typisk 3 til 12 månader. Dette gjer at ein raskt får nytte godt av ein rentenedgang, men også ein renteauke får rask effekt på finanskostnadane. Noregs Bank har heva renta ein gong med 0,25%, og det er forventa ein renteauke til i desember.



2.4 Økonomileiar sin kommentar

Det er vanskeleg å skulle forutseie korleis rekneskapen for 2021 vil ende. Ny informasjon om økonomiske forhold utover året vil føre til endra prognosenter.

I rekneskapstala for september er budsjetterte inntekter for resurskrevjande brukarar teke til inntekt med 8/12 av årssummen, det vil seie om lag 5 millionar kroner. Det ser ut som Velferd vil få eit meirforbruk også etter at dei fekk styrka budsjettet i juni. Både Læring og kultur og Velferd har fått store ekstrautgifter knytt til enkeltbrukarar.

Vi kan ikkje rekne med at dei andre sektorane har eit mindreforbruk som kan dekkje opp for eit meirforbruk i Velferd og eit negativt avvik på finansområdet.

Sentraladministrasjonen og sektorane sparar der dei kan for å redusere det venta meirforbruket, men slik det no ser ut er det ikkje usannsynleg at rekneskapen kan ende med eit meirforbruk på nivå med 2020.

3 NÆRVÆR

3.1 Statistikk med kommentarar

Fråvær per sektor 2 kvartal 2021

	Totalt fråvær i %	Korttidsfråvær %	Langtidsfråvær %
Sentraladministrasjon	4,57	0,49	4,08
Læring og kultur	7,22	1,70	5,53
Velferd	10,84	2,94	7,90
Samfunnsutvikling	8,11	1,90	6,22
	8,52	2,12	6,40

Fråvær per sektor 3 kvartal 2021

	Totalt fråvær i %	Korttidsfråvær %	Langtidsfråvær %
Sentraladministrasjon	0,76	0,55	0,22
Læring og kultur	4,62	1,52	3,10
Velferd	9,81	2,23	7,58
Samfunnsutvikling	7,16	0,85	6,31
Totalt	6,64	1,63	5,02

	1 kvartal 2021	2 kvartal 2021	3 kvartal 2021	4 kvartal 2021
Totalt fråvær %	9,60	8,52	6,64	-
Korttidsfråvær %	2,64	2,12	1,63	-
Langtidsfråvær %	6,96	6,40	5,02	-

3.1.2 Historiske tal

	1 kvartal 2020	2 kvartal 2020	3 kvartal 2020	4 kvartal 2020	Året 2020	Året 2019	Året 2018
Totalt fråvær %	8,16	7,22	6,70	8,53	8,16	6,55	6,72
Korttidsfråvær %	2,12	1,60	2,05	2,10	2,12	2,17	2,06
Langtidsfråvær %	6,04	5,62	4,65	6,42	6,04	4,37	4,66

	1 kvartal 2019	2 kvartal 2019	3 kvartal 2019	4 kvartal 2019	1 kvartal 2018	2 kvartal 2018	3 kvartal 2018	4 kvartal 2018
Totalt fråvær %	6,43	6,21	4,59	8,84	8,31	6,65	5,19	6,78
Korttidsfråvær %	2,68	1,80	1,72	2,46	2,87	1,60	1,47	2,27
Langtidsfråvær %	3,75	4,41	2,87	6,38	5,43	5,05	3,72	4,51

3.1.3 Generelt om sjukefråværet

Sjukefråværet er høgare i år enn på same tid i fjor, men har ein fin nedgang frå 2. til 3. kvartal. Fråværet har naturlege svingingar, men har ein stigande trend i høve tidlegare år som ein skal følgje godt med. Mange gir uttrykk for å vere slitne etter pandemien. Det er ein landstrend at fråværet stig rundt jul så det vert spennande å sjå korleis dette vil slå ut lokalt i år.



I samarbeid med IA-kontakten, NAV, bedriftshelsetenesta og til-litsvalde vil kommunen gjennom eit overordna IA-utval ha systematisk samarbeid for å følgje med på utvikling, tiltak og effekten av desse.

3.2 Kommentarar frå sektorane

3.2.1 Sentraladministrasjonen

Det er ikkje levert kvartalsrapport for sentraladministrasjonen sidan leiarstillinga er ubesett.

3.2.2 Sektor for læring og kultur

Vi har ein nedgang i det totale sjukefråværet på om lag 2,60 prosentpoeng frå førre kvartal.

Kortidsfråværet er redusert med 0,18 prosentpoeng, og langtidsfråværet er redusert med 2,43 prosentpoeng.

Samla sett for sektoren har vi eit lavt sjukefråvær. Likevel veit ein at det er tøffe dagar, og at når folk er vekke blir det meir slitasje på dei som er att. Noko av sjukefråværet er knytt til korona (lavare terskel for å vere heime ved mellom anna forkjøling), oppfølging etter sjukdom og ryggplager etter slitasje frå løft med meir.

3.2.3 Sektor for samfunnsutvikling

Sektoren har relativt høgt sjukefråvær med 7,16 prosent. Høgst er langtidsfråværet med 6,31 prosent og korttidsfråværet er på 0,85 prosent. Det er mange faktorar som spelar inn her. Mange einingar har få tilsette og om ein tilsett er langtidssjukmeld vil det få store konsekvensar.

Årsakene til langtidsjukmeldingane er komplekse og samansette. Det meste av dette er likevel ikkje relatert til eller har samanheng med arbeidsplassen/arbeidssituasjonen.

På einingsnivå vert det arbeid aktivt for å få opp nærværet.

3.2.4 Sektor for velferd

Vi har ein liten nedgang i sjukefråværet på om lag 1 prosentpoeng frå førre kvartal.

Sektoren har høgt sjukefråvær, høgst er langtidsfråværet. Det er mange faktorar som spelar inn her. Mange einingar har få tilsette og om ein tilsett er langtidssjukmeld vil det få store konsekvensar.

Ein del av korttidsfråværet er covid-19-relatert. Sjukefråværet på natt er spesielt høgt.

Høgt sjukefråvær er utfordrande for arbeidsmiljøet og har ein tendens til å forsterke seg sjølv. Høgt sjukefråvær gjer at dei som er i arbeid vert slitne. Dei må kanskje ta over arbeidsoppgåver dei

ikkje er kjende med, på toppen av det dei har frå før. Det kan vere usikker kven dei skal vere på vakt i lag med og det kan vere nokon som ikkje er så kjend i eininga.

Det å jobbe med å få ned sjukefråvær tek tid og vi må halde blikket på dette arbeidet kontinuerleg.

Nærvær til leiar på eining er avgjerande for å lykkast med dette arbeidet. Det å jobbe med å få ned sjukefråvær tek tid og vi må ha eit jamt fokus på arbeidet.

Sektoren har starta arbeidet med å få ned sjukefråværet:

- Fokus på nærvær på fagdagar
- Samarbeid arbeidslivsenter, tillitsvalet og leiarar
- Ressurslag

Nærvær til leiar på eining er avgjerande for å lykkast med dette arbeidet.



4. SEKTORDEL

4.1 Sentraladministrasjonen

På grunn av ubesett leiarstilling er det ikkje levert kvartalsrapport frå sentraladministrasjonen.

4.2 Sektor for velferd

Helga Bøe – konstituert kommunalsjef

4.2.1 Vedtaksrapport

Vedtak frå kommunestyret frå juli til og med september.

Utvalg	Møtedato	Saksnr.	ArkivsakId	Journaltitel	Dok.dato
Kommunestyret	24.06.2021	49/21	19/5187	Ressurslag	30.05.2021
Kommunestyret	16.09.2021	67/21	21/1872	Kommunal representasjon til Styret for Hareid Legesenter	31.08.2021

PS 49/21 Vedtaket vert sett i verk i september 2021. Fyrste evaluering januar 2022 som vert rapportert opp politisk. Vert ståande til rapporteringa er gjort.

PS 67/21 Det vart vald ein administrativ og ein politisk representant. Dei skal sitte i 2 år av gangen og skal ikkje veljast same året. Den administrative representanten vart valt for 3 år i fyrste periode.

4.2.2 Tenesterapport

a. Viktige hendingar siste tertial

Bueining

Det er utfordrande å ha rett fagkompetanse på vakt som følgje av sjukefråvær hjå fagpersonar. Eininga jobbar aktivt med å betre dette gjennom til dømes ressurslag og sjukefråværsoppfølging. Før innstrammingar på grunn av covid-19 kom, var der innført felles lunsj og fagsamtalar. Dette er no innført på nytt. Vi håpar det vil påverke positivt for arbeidsmiljø og trivsel.

Eininga har utlysing av sjukepleiar. I tillegg har koordinator kome tilbake etter foreldrepermisjon.

Besök av tilsette på dagsenter har vore til stor glede for bebuarar på eininga. Stor oppslutnad kring tilbod.



Vi har nyleg starta opp igjen med fagdag, og det er tydeleg eit stort behov for fagleg gjennomgang av ulike prosedyrar og ansvarsområder. Det blir jobba aktivt med å setje opp ein god plan for dette, vi kjem og å nytte veilederen.no i større grad enn tidlegare.

Korttidseining

Det er utfordrande med å ha rett fagkompetanse på vakt som følge av sjukefråvær hjå fagpersonar. I tillegg er her ein del vakante stillingar. Sektoren jobbar aktivt med å betre dette gjennom til dømes ressurslag og sjukefråværsoppfølging.

Heimetenesta

Eininga har i perioden tidvis hatt behov for å gjere ekstra innleige på dagtid på helg, vurdering vert gjort frå veke til veke ut frå pasientgrunnlag. Årsak er auka oppdragsmengde (pasientar med behov for omfattande og ressurskrevjande helsehjelp i heimen), der stenging av sjukeheimspllassar er medverkande årsak (også venta konsekvens etter tidlegare gjennomførte ROS-analyser). Meir konkret vil dette seie at vi må to helsepersonell på ein pasient for å ivareta HMS for tilsette og helsehjelp til pasienten. Fleire slike situasjonar på same tid aukar difor ressursbruk, og verkar såleis inn på, og utfordrar eksisterande personalressursar til å nå rundt innanfor tidsrammene. Forseinka helsehjelp kan og gi ulik konsekvens – dette grunnlaget vert teke med i vurdering av ekstra innleigebehov. Vi ser at det meste av helsehjelpa som må gjerast i vekedagar også må utførast på helg med helgebemannning. Heimetenesta har heller ikkje noko «tak» på tal pasientar, noko som er pårekneleg. Dei tilsette yt høg grad av fleksibilitet, går «til og frå» og hjelper kvarandre der det er hensiktsmessig og kommuniserer behov for bistand eller hjelper kvarande med uteståande oppdrag dersom ledig tid ut frå «mobilpleie» (app tilknytt journalsystemet gerica,) i sanntid.

Eininga yt og helsetenester til heimebuande i omsorgsbustad på Hadartun: Der er ein tilsett på vakt, men dei har felles arbeidsplan/ tilsette med ambulant del. På grunn av auka press i heimeteneste-ne er det vanskelegare enn før å bidra med fleksibilitet og bistand derifrå til omsorgsbustadane.

Når det kjem til behov for vikarinnleige vert det og sett på moglege ressursar frå heimehjelp (praktisk bistand) om der er ledig kapasitet og tilsette med pleieerfaring som kan flyttast på

Eininga har elles utfordringar med å rekruttere sjukepleiar til vikariat, det vert nytta faglærte i vikariat der ein ikkje lykkast. Sjukepleiarane i eininga har og bidrige med koronavaksinasjon på helsestasjonen i perioden.

Helse- og koordinerandeeining

Helse og koordinerande eining har eit stort spenn i ansvarsområder og kvar dei fysisk held til. Helsesjukepleiarane koordinerer og har brukt mykje tid til organisering og vaksinasjon av covid-19. Dei får bistand frå vaksinatørar i andre einingar. Stor pågang i teneste for psykisk helse og rus og fortsatt auke av yngre brukarar som har



behov for samansette tenester.

Dagsentra har vore opne og stort sett tilbake til normal drift.

Ufordinar i legeteneste på grunn av mangel på legar og aukande behov for vikar.

Bu- og habiliteringstenesta

Vi ser ein stadig auke i behov for oppfølging av brukarar (utebrukarar) med ulike behov. Aukande tenestebehov rundt ressurskrevjande brukarar som vil påverke vedtak.

Det utfordrar moglegheita til å halde seg innan for gitte budsjetttrammer. Ved fråvær er det mange omsyn å ta ved innleige av vikar og kan vere utfordrande knytt til brukarar som treng god stabilitet.

Det er vanskeleg å kunne gi fellesaktivitetar til brukarar med veldig ulike ønsker og behov.

Kjøkken

Her er ikkje nok stillingar til å dekke opp turnus ved eininga, dette gjer at vi må leige inn på arbeidsavtalar. Det er ei utfordring at det stadig vert kutt i stillingar.

Her har ikkje vore lærling i fyrste kvartal. Ny lærling starta 01.07.21.

Skjerma

Vi har ein krevjande situasjon i avdelinga, med store åferdsmessige utfordringar og stort behov for tilsette til stades. Ein person i tillegg til grunnbemannning på dag og kveldsvakter 7 dagar i veka. Stor auke i talet på meldte avvik i heile perioden. Trenden held fram, med auke også i oktober. Avvika handlar om truande afferd/vald mot tilsette i hovudsak. Trass dette er sjukefråveret lågt. Prioritert oppgåve for einingsleiar har vore å følgje opp tilsette. Det er stort behov for å auke koordinatorressurs (20 prosent per i dag), slik at godt arbeid kan gjerast med omsyn til oppfølging av kvar pasient og rettleiing av tilsette, og nødvendig vaktinnleige. Både for å unngå avvik, og for at leiar skal kunne frigjere tid til andre oppgåver.

Velferdskontor

På grunn av covid19 har kontoret stort arbeidspress med meir rapporteringar, oversikt over smittevernustyr og lager, samt bestilling av smittevernustyr og anna materiell til førebygging.

b. Tilsyn / revisjonsrapportar

Heimetenesta har hatt meldt tilsyn frå arbeidstilsynet i perioden som vart gjennomført 17.09.2021. På førehand vart det sendt inn diverse dokumentasjon på rutinar, kartleggingar, risikovurderingar og planar. På tilsynsdagen deltok verneombod og leiing i møte, samt tilsette i intervju. Hensikta med tilsynet er mellom anna at i perioden 2019-2021 gjennomfører arbeidstilsynet aktivitetar ret-

ta mot heimetenesta for å bidra til auka kunnskap og forbetring i førebyggande systematiske helse-, miljø- og sikkerheitsarbeidet (HMS). Målsettinga er at arbeidstakrar i heimetenesta skal ha et fullt forsvarleg arbeidsmiljø.

Den 28.09.2021 mottok heimetenesta tilsynsrapport med varsel om pålegg. Pålegg gjeld HMS – og medverknad, her har ein alle-reie starta med kvartalsvis HMS-fora i eininga der ein sikrar med-verknad og partssamarbeid med verneombod og plassstillitsvalte og går gjennom avviksrapportering i Compilo. Utarbeidd rutine for arbeidet skal sendast arbeidstilsynet. Det er vidare pålegg om å kartlegge og risikovurdere tids- og arbeidspress og psykisk helse. Dei tilsette blei informert om dette i personalmøte. Plan og tiltak for dette er avhengig av kartlegging og risikovurdering. Heimetenesta har elles fått pålegg om å gjennomføre opplæring i vald- og truslar (utsett grunna Covid-19 pandemi) etter førre tilsyn lukka i 2020 og at bedriftshelsetenesta skal bistå i arbeidet med pålegga. Leiing og verneombod er i gang med vidare arbeid og frist for innsending arbeidstilsynet er 21.01.2022.

c. Utviklingsarbeid / pågående prosjekt

Sjå prosjektrapportering.

4.2.3 Avvik

Kategori	Tal samla	Låg alvorsgrad	Middels alvorsgrad	Høg alvorsgrad
Helse, miljø og tryggleik	45			
Organisasjon	23			
Teneste/brukar	105			
Samla		35	70	27

Fleire av avvika er rapportert inn på fleire kategoriar. Vi jobbar med å få eit meir målretta arbeid med avvik, der vi lagar til malar for avvik. I sektoren er det laga faste avvik for:

- Legemiddelhandtering
- Utøving av vold
- Truande åtferd
- Fall

Dei vart gjeldande frå august. Vi har gjort dette for å kunne få ein betre statistikk og oversikt over avvik.

Dei avvika som er meldt inn med høg konsekvens, er/kan vere meldt inn med feil konsekvens. Det har ikkje vorte alvorlege konsekvensar av dei avvika som er meldt inn.

Vi må fokusere på korleis rapportere inn avvik. Høg alvorsgrad skal berre nyttast når konsekvensane er alvorlege. Ingen har fått omfattande skade eller vorte svært skadelidande av hendingane. Det som går på å verte utsett for vald og truslar kan på sikt gi helseeskade for den tilsette.



Konstituert kommunalsjef ser spesielt alvorleg på auke i meldte avvik på utagering/vald mot tilsette og feil/manglende medisinering. Utagering og vald mot tilsette kan få alvorlege konsekvensar på sikt. Det vil verte halde kurs i vold og utagering i sektoren. Fagdag og personalmøter må også nyttast til å ta opp denne utfordringa. I tillegg er det viktig for dei tilsette at einingsleiar og kommunalsjef har fokus og forståing for arbeidsbelastning dette har for dei og gir dei den støtta dei tilsette treng.

Vi må leggje meir vekt på medisinhandtering og rutinane vi har for det. Tilsette må vite om rutinane, ha fått opplæring og forstå ansvaret som ligg i medisinhandtering. Brukarane/pasientane må vere trygge på å få rett medisin, til rett tid og på rett måte. Tidspress kan også vere med på å gi avvik. Her må vi ha ein gjennomgang med tilsette på avvik medisinhandtering ved alle einingane, i tillegg til å gå gjennom rutinar for opplæring og eventuelt vurdere om vi må verte strengare med kven som får løyve (delegert mynde) til å dele ut medisin.

Skjerma

Det er 34 innmelde avvik i perioden. Her er nok ein samanheng med pasientsituasjonen og grunnbemanningsa i eininga, minst mogleg bruk av tvang, og at det er lite hjelp å få med tanke på innleggingar i 2. linje når vi ser behov for det. Størst del er truslar og vald mot tilsette. Også avvik etter fall og legemiddelhandtering. Avvik vert følgde opp av leiar, men belastning på sikt er bekymringsfull. Vi ser at det er behov for auka grunnmebanning for å redusere talet på uønska hendingar, førebygging ved at det alltid er tilsette tilstade i miljøet – og ein til ein oppfølging når det er nødvendig.

Bueining

Det er 18 innmelde avvik på eininga i perioden. Helse, miljø og tryggleik gjeld slag frå pasient. Organisasjon gjeld kommunikasjonsutfordringar og teneste/brukar gjeld alarmsystem og legemiddelhandtering

Generelt kan eg seie at vi må fokusere på korleis rapportere inn avvik. Høg alvorsgrad skal berre nyttast når konsekvensane er alvorlege. Ingen har vorte skada eller skadelidande av hendingane. Det som går på å verte utsett for vald og truslar kan på sikt gi helseskade for den tilsette.

Korttid

Det er innmelde 4 avvik på eining i perioden. 2 av avvika omhandler avvik legemiddelhandtering, medan resterande 2 handlar om avvik alarmsystem. Avvika er lukka, men det er venta fleire avvik kring alarmsystem på grunn av utfordringar med nett/telefonar.

Heimeteneste

Det er meldt om avvik frå bemanningsplan sjukepleiar natt i 3. kvartal på 24 vakter (av totalt 92), desse er erstatta av helsefagarbeidar, ambulansefagarbeidar eller sjukepleiarstudent 2. studieår.



Natt-tilsette har forventa samarbeid med sjukepleiar på vakt på korttidseining, og særleg ved høve der vikar avvikar frå kompetanse i bemanningsplan (sjukepleiar). Avvik som vert rapportert melder om auka belastning på ansvar for denne vakta og middels risiko, samt fare for pasientsikkerheit og beredskap. Det kan og forsterke utfordringa på å behalde og rekruttere sjukepleieressurssar. I arbeidsplan (turnus) har heimetenesta sjukepleiar på kvar nattevakt utanom ei vakant helg. Avvik frå bemanningsplan oppstår med årsak i sjukefråvær og behov for å leige inn vikar.

Elles gjeld avvik i perioden HMS, ergonomi, bruk av hjelpemiddel i heimar og samarbeid, psykososialt arbeidsmiljø. Avvik knytt til ferieavvikling gjeld tilvising av sårstell til legesenter på grunn av manglande kompetanse/kapasitet og der vi ber pårørande kontakte lege for sine på grunn av at vi ikkje har kapasitet til å bistå. Tidspress medverkar og til vanskar med å bistå til uforutsette hendinger med tryggleiksalarmer, men der hastegrad eller om pårørande kan hjelpe sjølv ved å kontakte legevakt vert vurdert. Å forskyve vidare oppdrag kan vere belastande for tilsett og pasient, men kan og vere pårekneleg for ei slik teneste. Det er meldt eitt avvik på legemiddelhandtering; levert ut feil ved nyoppstarta medisin, oppdagat av pårørande og korrigert av heimetenesta, dette kan ha årsak i tidspress.

Helse- og koordinerande eining

Det er meldt inn 11 avvik i perioden. 5 av avvika gjeld manglande/årlig oppfølging av hjelpemiddel i heim og 1 gjeld truande åtferd og resterande avvik gjeld manglande oppfølging av barn av helse-sjukepleiar på grunn av covid-19.

Velferdskontor

Ingen meldte avvik.

Kjøken

Det har vore to avvik i perioden. Brann tilløp i panne på koketopp og fall på vått gulv. Begge avvika skjedde på dagtid. Fall på vått gulv har skjedd nokre gongar tidlegare også. Det er ei utfordring at ikkje alle tilsette har godt nok eigna sko. Heile golvet på kjøkkenet vert skumlagt dagleg.

Bu- og habiliteringstenesta

Det er meldt inn 47 avvik i perioden.

Det har vore aukande tal på avvik knytt til vald og trugslar (utfordrande åtferd).

Avvika gjeld blant anna klage på inneklima/dårlig luft, dette gjeld både Hjellebakken 6 og 8. Der det er gjort utskifting av luftfilter/rensing av rør på Hjellebakken 6.

Det er meldt inn avvik på legemiddelhandtering, einingsleiar kan ikkje sjå at det peikar seg ut spesiell tid på døgnet der det skjer flest avvik knytt til legemiddel. Det er sett inn tiltak med to verne-



pleiarar som har felles ansvar for legemiddel og det ser no ut til at avvika går ned.

Det vert jobba aktivt med påminning,(tema fagdag) rundt medikamenthandtering for å sikre at brukarar får rett medisin til rett tid.

4.2.4 Prosjektrapportering

Arbeidet med nytt pasientsignalanlegg går sin gang med få ulemper for bebuarane. Framdrifta går som venta og vi reknar med at heile bygget er ferdig i løpet av utgangen av november 2021, utsettig av ferdigstilling kjem av lang ventetid på utstyr dei treng.

Mindre prosjekt i einingane:

- Førebyggande helsestasjon: helsesjukepleiarar, fysioterapeut og jordmor
- Betre tverrfagleg samarbeid: ruskonsulent i teneste for psykisk helse og rus
- 20 prosent frå psykisk helse og rus i prosjekt i skule – Tverrfagleg team
- 20 prosent fysioterapeut i prosjekt BTS modellen
- Førebygging av einsemd



4.3 Sektor for Samfunnsutvikling

Kommunalsjef Kai-Rune Bjørke

4.3.1 Vedtaksrapport

Vedtaksrapport for Plan, Byggesak og Geodata ligg ved.

4.3.2 Tenesterapport

a. Viktige hendingar siste kvartal

Plan, byggesak og geodata:

Eininga har vore redusert tredje kvartal i 2021, dette grunna ein kombinasjon av sjukemeldingar og reduserte stillinger, det har vore særleg pregande at leiar og byggesakshandsamar har vore tilnærma fullt sjukmeldt heile tredje kvartal i kvar sin omgang. Samla sett har vi truleg gått på halv drift. I tillegg til dette har saksmengda vore stor, særleg innan byggesak. Det er krevjande å få gjort saker ferdige innanfor fristane, det er ganske klart at eininga har for lite ressursar sett opp i mot saksmengda i år. Arbeidsbelastninga for alle tilsette er stor, og eininga har mange store prosjekt og saker på gong på same tid. Dersom trykket fortset utover året vil det verte vanskeleg å levere saker/løyver innan fristane.

Kommunalteknikk:

Eininga har fortsatt fråvær av einingsleiar. Konstituert leiar er på plass fram til juni 2022. Eininga har mange investeringsprosjekt som tek opp mykje ressursar. Delar av driftspersonalet har brukt stor kapasitet på investeringsprosjekt, noko som i neste runde går sterkt ut over drifta og det ein har kapasitet til å utføre der. Då ressursbruken mellom anna har vist seg å føre til utfordringar med å halde tilfredsstillande kvalitet på drift, starta vi i fyrste kvartal arbeidet med å omorganisere ute-avdelinga. Målet med omorganiseringen er å best utnytte alle ressursar eininga har, samt å fordele arbeidspress og ansvar ved å dele dei ulike ansvarsområda mellom fagkoordinatorar. Dette arbeidet har vi fortsett med i andre kvartal.

Fokuset i tredje kvartal har vore å sikre framdrift i investeringsprosjekta samt arbeide fram ei god inndeling, systematisering og generell oppbygging av struktur kring dei ulike roller og arbeidsoppgåver i avdelinga. Det vert jobba med arbeidsskildringar, funksjonsskildringar, kartlegging av kompetanse samt behov for å bætre kompetanse på dei ulike fagfelta som vidare er i tråd med dei endra ansvarsområda mellom fagkoordinatorane.



Fagkoordinatorane sine ansvarsområde er no inndelt i følgjande:

- veg og gatelys,
- vatn,
- avløp,
- park, grønt og idrettsanlegg

Kommunal eigedom:

Eininga har sidan 01.07.2021 fått på plass konstituert einingsleiar fram til juni 2022.

Det same gjeld for prosjektleiar som er konstituert i same tidsrom.

Eininga har ulike byggeprosjekt, nokre vil bli avslutta i år og andre vil gå vidare til neste år.

Eininga jobbar vidare med vedlikehaldsplanen som er utarbeidd og har plukka ut tiltak som er så store at dei blir ei investering. Dette er teke omsyn til i budsjettprosessen med tanke på budsjettet for 2022.

Dei største administrative oppgåvene eigedom har lagt vekt på dette kvartalet er:

Drift: Brannkonsept er no utarbeida på dei fleste av formålsbygga våre, og dei avdekte ein god del avvik. Det er lagt inn i budsjettet for neste år slik at vi får lukka dei mest naudsynte krava, samt at vi tek ein del av avvika i ulike investeringar/byggeprosjekt/renovering.

Forvaltningsverktyet Famac har blitt og er eit viktig verktøy, både for handtering av avvik og lagring av relevant informasjon på formålsbygga våre og lagring av FDV-dokumentasjon på dei nye bygga våre.

Statistikk hittil i 2021 viser følgjande:

- 983 aktivitetar frå direktemeldte oppgåver er lukka hittil i år.
- 128 aktivitetar frå direktemeldte oppgåver er opne/under behandling.

Dette er aktivitetar som kjem i tillegg til daglege gjeremål og planlagde tiltak.

Reinhold: Reinholdsleiar har vore på kurs INSTA 800 og her er kommunar som vi samarbeider med som vi kan få utveksle erfaringar med for vidare innføring av systemet. Reinhold har fått utvida område å ha reinhold på, som vi tidlegare ikkje har hatt ansvar for. Dette gjeld Hjellebakken 6 og 8, samt Sansibar. Vi bruker eksisterande ressursar til dette, men det er utfordrande då vi ser at vi skulle hatt meir ressursar for å kunne utføre dette reinhaldet oftare.

Utleige: Det er under utarbeiding nye retningslinjer for å kunne leige kommunale bustadar. Handtering av ulike søknader som kjem inn vil også få nye retningslinjer. Dette har vore til informasjon i leiargruppe og kontrollutval. Saka blir jobba med vidare slik at nye retningslinjer kjem på plass neste år.

Det er utfordringar med behov for større bustadar/leilegheiter, som fører til framleige for å dekke dei behova. Vi ser at dette ikkje er føremålstenleg, og det gir ofte kommunen meirkostnader. Målet er



derfor å ha minst mogleg framleige og heller utvide nokre av dei bustadane vi eig i dag, slik at vi held framleige på eit minimum. Vi har starta arbeid med å sjå på uteigeprisar på Hadartun. Dagens modell er regulert i høve inntekt til den enkelte, denne modellen kan bli endra, då den i dag skaper store skilnader, samt at den er lite føreseieleg for budsjettbehandling.

Velferdsteknologi/hjelpemiddel: Nytt ansvarsområde frå 1.1.21. Nytt pasientvarslingsanlegg er no tatt i bruk, men litt innkøyring av systemet står att. Så langt ser dette ut til å fungere fint.

Nokre eksempel på uføresette hendingar 3. kvartal 2021:

Kommunalteknikk utelager:

Lekkasje i hjørne på bygg som over tid har fått utvikla seg. Tiltak blei iverksett og det blir no utbetra for å hindre ytterlegare skade.

Tette avløpsrør:

Det er framleis utfordringar med tette avløp på sjukeheimen, men vi arbeider vidare med ulike tiltak for å få bukt med problema. I tillegg har vi hatt problem med tette avløp i kjellar på Hareidshallen (under bassenget)

Vi har heldigvis unngått større skader på interiør.

Vi vil inngå avtale om jamleg vedlikehaldsspyling med Stokkevåg spyleservicefor å få betre kontroll på desse problema.

Skjeggkre-utrydding:

Tidlegare problem som vi har hatt tiltak på, ser no ut til at vi har fått kontroll på.

Samfunn: Av to rådgjevarar har den eine vore konstituert som leiar for Kommunalteknikk. Dette gjer, som tidlegare rapportert, at ein er svært bakpå med sakshandsaminga i høve at denne ressursen meir eller mindre har vore ute snart to år

Næringsstiltak: Denne eininga består av to separate delbudsjett-område som høvesvis er kopla til det kommunale næringsfondet og til næringsutviklingsprosjektet «Vekst i Hareid». Sistnemnde vert drifta med eigen prosjekteiar og med eige styre og det er hovudsakeleg berre den budsjettmessige delen av drifta, som er forankra i sektor for Samfunnsplanlegging.

Vekst i Hareid: Vekst i Hareid har gjennom 2. kvartal jobba vidare med prosjekt som allereie er sett i gang, men samtidig igangsett fleire nye prosjekt. Dette inneber både prosjekt mot enkeltbedrifter, prosjekt og samarbeid på tvers av bedrifter og aktivitetar relatert til frivillighet.

Eit viktig arbeid i denne perioden har vore utarbeiding av ein masterplanen som skal seie noko om kva som er unikt med Hareid og korleis vi skal jobbe for å bygge attraktivitet rundt dette. Dette er eit samarbeidsprosjekt der det er viktig å identifisere kven som kan bidra med kva for at vi saman skal oppnå ønska resultat. Planen har gjennom våren blitt presentert for politikarar, næringslivet, kommu-



neadministrasjon og frivillige lag og organisasjonar. Vidare vil det bli jobba med innspela frå dei ulike gruppene for å i størst mogleg grad einast om felles mål for Hareid. Det skal også jobbast vidare med å sy dette saman med dei formelle planane kommunen jobbar med, som til dømes samfunnsdelen i kommuneplanen.

Prosjektet Samarbeid læring – næring har også hatt mykje plass denne våren. Vekst i Hareid har ei rolle som pådrivar og støttar dette prosjektet økonomisk. Hareid kommune har signert avtale med Ungt Entreprenørskap som skal implementere programma dei gjennomfører på alle skulane i kommunen i løpet av komande skuleår. Som ein del av denne planen skal også næringslivet involverast i stor grad og det er ønskeleg å ta i bruk Skaparhuset i Ulsteinvik der det er hensiktsmessig. Prosjektet har som mål å heve kvaliteten og betre samarbeidet mellom skule og næringsliv, gjere barna betre rusta til å gjere kloke utdanningsval og bygge sterkare identitet blant dei som veks opp i kommunen slik at dei ønsker å bu i Hareid også som vaksne.

Brannvern: Dette er ei resultateining som inneheld ansvara Brannvern og Feiing. Tenestene vert utført i samarbeid med Ulstein kommune og det er Ulstein kommune som har vertskommuneansvaret. Samarbeidet er evaluert i 3. kvartal 2021, og ein kjem med eigne saker på revidert avtale og eiga politisk sak om avslutning av samarbeidet på året.

b. Tilsyn / revisjonsrapportar

Ikkje aktuelt

c. Utviklingsarbeid / pågående prosjekt

Interkommunal kystsoneplan: Arbeidet med den interkommunale kystsoneplanen er godt i gang. Planprogrammet har vore på høyring, og er stadfest av styringsgruppa. Vi har gjennomført innspelsrunde og folkemøte. Planforslaget, plankartet og konsekvensutgreiinga er ferdige. Alle kommunane tek sikte på å bli ferdig med planforslaget tidleg haust 2021. Hareid kommune er ferdig med politisk handsaming av planforslaget, ein ventar difor no berre på nokre av dei andre samarbeidskommunane slik ein kan sende planforslaget samla på offentleg ettersyn.

Kommuneplanens arealdel: Arbeidet med Kommuneplanens arealdel har i periodar gått litt trått grunna ressurssituasjonen, arbeidet tok til igjen i august 2019 då ny planleggar var på plass. Planforslaget vart sendt på offentleg ettersyn i 3. tertial 2020, med frist for innspel 15. januar 2021. Når arbeidet med planforslaget for interkommunal kystsoneplan er ferdig vil vi starte med å gå gjennom innkomne innspel etter offentleg ettersyn.

Kommuneplanens samfunnsdel: Arbeidet med kommuneplanens samfunnsdel har starta. Planprogrammet er handsama og godkjent. Grunna den pågående covid-19-krisa har dette planarbeidet blitt sett litt på vent, slik vi får ei betre oversikt over kva verk-



nadar krisa har på samfunnet og at vi også får frigitt litt ressursar til sjølve planarbeidet. Kommuneplanens samfunnsdel vil vere eit av hovudfokusa i siste kvartal 2021.

Organisasjonsutvikling i Sektoren: I dette kvartalet har ein arbeid med oppretting av ein ny eining som skal rette fokus mot Næringsutvikling, busetjing, Klima, Miljø og berekraft. I tillegg vil ein legge sentrale kulturansvar til denne eininga.

4.3.3 Avvik

Det er ikkje meldt avvik i Compilo dette kvartalet.

4.3.4 Prosjektrapportering

- Rapport for prosjekt – Kommunal Eigedom i eige vedlegg.
- Rapport for prosjekt – Kommunalteknikk i eige vedlegg.



4.4 Sektor for læring og kultur

Cecilie Bjørlykke – konstituert kommunalsjef

4.4.1 Vedtaksrapport

Vedtaksrapporten omfattar vedtak frå kommunestyret frå 1.juli til 30.september 2021

Sektoren har ingen aktive vedtak

4.4.2 Tenesterapport

a. Viktige hendingar siste tertial

Meld. St. 6 (2019 – 2020)

Tett på – tidlig innsats og inkluderande fellesskap i barnehage, skule og SFO

Hareid kommune er valt ut som 1 av 13 kommunar/ kommunesamslutning i Noreg til å vere med på forme stortingsmelding 6 om korleis ordinær- og spesialundervisning skal utøvast i åra framover. Prosjektet skal vere barnehage- og/eller skulebasert, basert på lokale definerte behov, og vere ein forskings- og kunnskapsbasert kompetanseutviklingar. Det vil difor bli gjort følgjeforsking på arbeidet i Hareid framover.

Vi skal ha ein barnehage og skule som gir muligkeit for alle barn og unge – uavhengig av sosial, kulturell og språklege bakgrunn, kjønn, kognitive og fysiske forskjellar. Det krev inkluderande fellesskap og tidlig innsats. Regjeringa vil i denne stortingsmeldinga legge til rette for at kompetansen kjem tett på barna og elevane. Vi vil blant anna styrke det tverrfaglige samarbeidet og setter i gang eit varig kompetanseløft på det spesialpedagogiske feltet for tilsette i barnehagar, skular og PP-tenesta.

Regjeringa vil også legge til rette for eit meir likeverdig SFO-tilbod, og at flest mogleg skal kunne gå på SFO, uavhengig av bakgrunn. Målet med meldinga er å utvikle barnehagar og skular som skal gi alle barn og elevar eit godt tilpassa og inkluderande pedagogisk tilbod. Nasjonalt er det i dag store kvalitetsforskjellar mellom barnehagar, skular og SFO når det gjeld tidleg innsats – og fleire rapportar har peika på at spesialundervisninga fungerer for dårlig. For mange barn får i dag hjelp for seint. Dette er nokre av utfordringane den nye stortingsmeldinga tar tak i.

I Hareid har vi over tid arbeidd med å få på plass like planar, og lik tenking som gjer at born/elevar skal få så likt tilbod som mogleg uavhengig av kva skule eller barnehage ein går på/i. Dette har vi langt på veg lukkast med, og kan måle det både i gode planar og



lågare kostnader til spesialundervisning.

Hareid har over lengre tid hatt forholdsvis store utgifter på tiltak innafor lov om barnevern. Tverrfagleg styrking tidleg, og tett på barnet, er difor svært viktig. Gjennom deltaking i piloten bygg vi no kompetansen så nært barnet som mogleg. Som støtte til dette vil eit tverrfagleg team med ulike fagområder vere ein del av utprøvinga. Teamet vil vere eit samarbeid mellom læring og kultur, velferd og PPT. Arbeidet vil bli finansiert med prosjektmidlar som følgjer piloten.

Etter lang tid prega av gult nivå i høve korona og smittevern var det godt for alle når vi fekk gå over til grønt nivå rett før skuleslutt og ferie. Når ein over lang tid i skule og barnehage har vore organisiert i kohortar både inne og ute så var det å kunne starte nytt skule og barnehageår på grønt nivå. Eit par av skulane har hatt tilfeller med korona. Når situasjonar som nemnt her har oppstått har det vore iverksett massetesting på enkelte trinn, men ein har hatt kontroll på situasjonen og hindra større utbrot.

b. Tilsyn/revisjonar

Ikkje aktuelt

c. Utviklingsarbeid / pågående prosjekt

Fagfornyinga – nettverksamarbeid i Sjustjerna: Frå hausten 2020 vil ny læreplan for grunnskulen vere i verksett. Implementering og opplæring av den nye læreplanen er no i gong gjennom prosjekt støtta av fylkesmannen. Metoden bygg på partnarskap mellom høgskule, region, fylkesmann og kommune – desentralisert kompetanseutvikling. Hareid samarbeider med Ørsta i lærarnettverk, og Sjustjerna på leiaropplæringa. Fagfornyingsarbeidet i nettverk omfattar også grunnskuleopplæringa for vaksne VO.

Inkluderande barnehage- og skolemiljø (IBSM): Etter søknad har Hareid kommune kome med i eit nasjonalt prosjekt Inkluderande barnehage- og skolemiljø. Målet er å skape forståing for, og gjennomføre, tiltak som gir ein positiv og trygg barnehage- og skuledag for alle. Gjennom opplæring, og utprøving /støtte i prosessar vil dei tilsette få auka kompetanse og forståing for utfordringa. I satsinga samarbeider Hareid kommune med Brandal friskule. Satsinga går over fem semester og vert sluttført februar 2022

Kompetanseløft. Pilotering- Hareid kommune: Hareid kommune er valt ut som 1 av 13 kommunar/ kommunesamanslutning i Noreg til å vere med på forme stortingsmelding 6 om korleis ordinær- og spesialundervisning skal utøvast i åra framover. Prosjektet skal vere barnehage- og/eller skulebasert, basert på lokale definerte



behov, og vere ein forskings- og kunnskapsbasert kompetanseutviklingar. Det vil difor bli gjort følgjeforsking på arbeidet i Hareid framover.

4.4.3 Avvik


I 3. kvartal er det meldt inn to avvik i sektoren.

Eitt avvik meldt Hjørungavåg skule, og eitt avvik Ressurssenteret. Det eine er innafor temaet helse, miljø og tryggleik og det andre går på teneste/brukar, begge med låg alvorsgrad.

Kategori	Tal samla	Låg alvorsgrad	Middels alvorsgrad	Høg alvorsgrad
Helse, miljø og tryggleik	1	x		
Organisasjon				
Teneste/brukar	1	x		

Tiltak for å leggje meir vekt på kvalitetsforbetring: Mogleg underrapportering på avvik i sektor for læring og kultur. Oppfordring om å setje meir søkjelys på rapportering av avvik i sektoren generelt.





Kvartalsrapport 3. kvartal 2021